

Innkalling til årsmøte for  
Bjerkreim Indremisjon og Bjerkreim bedehus,  
for 2012

*tysdag 29. januar 2013, kl. 19.00*  
på Bjerkreim bedehus

Andakt ved Torgeir Lauvås

- Sak 1 – Val av møteleiar
- Sak 2 – Val av referent
- Sak 3 – Val av to til å skriva under protokollen
- Sak 4 – Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 5 – Årsmelding 2012 for Bjerkreim Indremisjon
- Sak 6 – Rekneskap 2012 for Bjerkreim Indremisjon
- Sak 7 – Årsmelding 2012 for Driftstyret
- Sak 8 – Rekneskap 2012 for Driftstyret
- Sak 9 – Val
- Sak 10 – Drøfting av arbeidet på huset og økonomien til huset
- Sak 11 – Eventuelt

Vi ber kvar familie **ta med eit fat med litt å bita i**, så held vi kaffien. ☺

**Velkommen!**

(Du har røysterett på årsmøtet om du har betalt medlemskontingenten for 2012.)

Vedlagt følgjer årsmeldingar for Indremisjonen og Driftstyret,  
og framlegg frå valnemnda.  
Rekneskapa for Indremisjonen og Driftstyret blir lagt fram på årsmøtet.

# ÅRSMELDING 2012 - for Bjerkreim Indremisjon

Årsmøtet var på bedehuset 24. januar 2012.

## Styret for 2012 har vore:

Leiar og nestleiar: -

Kontakt IMF + sekretær: Torunn Ivesdal Gjedrem

Kontakt møtekalender + driftsstyre: Magnhild A. Gonzales

Kasserar: Reidar Moi

Styremedlem: Øystein Vassbø

Styremedlem: Gjermund Vassbø

1. varamedlem: Liv Valbjørg A. Bakke

2. varamedlem: Kjell Arne Refstie

Valnemnd: Lars Olaf Solberg,

Jan Tore Apeland

Alf Helge Søyland

Varamedlem: Egil Gjedrem

Rekneskap: Jostein Røysland

Revisor: Kjell Helland

*I samband med valet og det at det er vanskeleg å få leiarar til styra blei det på årsmøtet i fjor notert følgjande: «Dei nye styra bør i samarbeid arbeida med eit forslag til ny organisering og ev. vedtektsendring til neste årsmøte.» Dette drøfta vi på felles styremøte med konstituering 15.02.12, men vi kom fram til at vi bør halda fram med to styrer for huset – eit for den praktiske drifta – og eit for møte- og misjonsarbeidet. Indremisjonsstyret konstituerte seg utan leiar og nestleiar dette året, og det har fungert på eit vis, men § 3,b i vedtektene (om val av leiarane på årsmøtet) burde kanskje vore endra? Styra har ikkje drøfta dette, og har ikkje framlegg om vedtektsendring.*

Vi har i løpet av året hatt 9 styremøter og gjennomgått 24 sakspunkt.

Ved utgangen av året var det 86 medlemmer i Indremisjonen.

Oversikt over møter arrangert av Indremisjonen:		
10. – 15. januar	Møteveke	Talar: Roald Evensen Song: Arne Edvard Meling
24. januar	Årsmøte	Talar: Magne Wold
4. februar	Vinterbasar med Eigersund	Tale og song: Søgne kristelege song- og jaktlag
5. april	Skjærtorsdagsmøte	Talar: Egil Vigdel Song: Magnar Edland
17. mai	17. mai fest	Talar: Kåre Mjølhus
23. juni	St.Hans feiring med BKU og Misjonshuset ved Bjerkreim skule / Oremo	Andakt: Gunvor Aardal
25. august	Samlingsfest	Talar: Torgeir Lauvås Song: Ingebjørg Nyhus
2. november	Inspirasjonskveld	Talar: Thomas Rake
16. desember	Julesongkveld	Andakt og song: Olav M. Lundø
26. desember	Juletreffest	Talar: Ida Husveg

Elles har dei andre misjonsorganisasjonane hatt sine møter omlag som vanleg gjennom året.

Dei faste aktivitetane er følgjande:

Søndagsskulen kl. 10.30 når det ikkje er gudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Minsten har brukt måndagar, men har nå gått over til tysdagar kl. 09.30. Babysong, som er eit tilbod for foreldre og barn frå 0 til ca.1 år, går føre seg på fredagar kl. 10.30. Barnekoret øver torsdagar kl. 17.00. Småbarnsong for barn frå ca. 1 år og oppover blei starta i 2011, men avslutta etter nokre gonger i vår fordi det blei for travelt for leiaren. Gutte- og jentelaget har samling annakvar måndag kl. 19.00, og Yngres den andre måndagen kl. 19.30. Bønne- og vitnemøte tysdagar kl. 19.30 når det ikkje er andre møter.

Musikklaget øver nokre tysdagar etter bønne-møtet. Eldretrimmen blei avvikla til sommaren i år, inntil vidare, pga. liten oppslutning. Fredagstreff for ungdom har omlag annakvar fredag frå kl. 21.00. Elles har Ungdomslaget møter ein del laurdagskveldar, og Fokus (for unge vaksne) har vanlegvis samling ein fredagskveld i månaden. Summen av alt dette blir svært mange deltakarar - og det er utruleg flott!

Vi er glade for at Fokus fører til forynging i bedehusflokken og at mange unge går aktivt inn i bedehusarbeidet, men for ungdomslaget sin del så er det ikkje positivt at dei som fyller 18 år kan starta i Fokus. Dette, og det at mange reiser på internatskular, fører til at dei blir få og for unge til å driva ungdomslaget optimalt - og dei har arrangement nesten kvar laurdag. Styret er bekymra for ungdomslaget og oppmodar alle som kan, til å støtta opp med praktisk hjelp og støtte.

I år valde vi å ha samlingsfesten på ein laurdag i staden for søndag, av omsyn til familiar med skulebarn. Vi har fått ei tilbakemelding om at det var veldig greitt, og ingen protestar, så vi bør satsa på laurdag også i 2013. (Det har vi meldt ifrå om til ungdomslaget, så kan dei henga seg på oss, og ha sitt eige opplegg etterpå.) På samlingsfesten hadde vi matpause med gryterett, slik at det blei litt ulikt dei vanlege "laurdagskveldane".

Det har vore seks "laurdagskveldar" i år. Ein stor takk til komiteen for "laurdagskveldane" som har laga eit godt opplegg som famnar heile familien. "Laurdagskveldane" er også gilde for barna i barneskulealderen. Frå hausten av er det gjort litt ekstra innsats for å hjelpa ungdomslaget, med eigen og god servering etter møtet på "laurdagskveldane", så dei kan ha sitt eige opplegg utover kvelden. Dette vil det bli lagt opp til også framover.

Styret har vore på strategisamlingar i regi av kretsen i år. Vi har også hatt besøk av representantar frå kretsstyret på to styremøter. Oppmodinga frå dei var: Nytt styre – tenk nytt! Dei anbefalte Thomas Rake frå Bryne til å snakka om små fellesskap og inkludering av nye. Vi kom fram til at vi ville ha ei samling for eksisterande bibelgrupper og andre grupper og interesserte. (Etterpå ønska styret å kunna tilby nye personar plass i eksisterande grupper, ev. oppretta nye grupper.) Det blei dermed ein inspirasjonskveld med Thomas Rake fredag 2. november. Det var godt oppmøte - mest unge vaksne. Vi fekk høyra om tankegangen på Bryne og blei inspirerte til å invitera til mindre fellesskap. Litt av Rake sin filosofi er at våre naboar er dei første vi må få med. Vi må vera opne og ærlege om livet, og det er lettast i små fellesskap. Dette blir ei utfordring for oss som er opptatt med alle arrangementa på bedehuset – vi skulle vore meir hos vår nabo!

Når året nå er over, og arrangementa helst har gått godt, sit vi likevel igjen med takksemd for at vi får vera med på arbeidet her. Det er mange som er engasjerte i all aktiviteten vi har på huset, og vi takkar alle for innsatsen! Stor takk også til alle som er med og ber for arbeidet!

Takk til styret og driftsstyret for godt samarbeid.

Gjedrem, 13. jan. 2013, Torunn Ivesdal Gjedrem

# ÅRSMELDING 2012 - Driftstyret for Bjerkreim Bedehus

## Styret for 2012 har vore:

- Børge Helland Leiar
- Tommy Cristensen Nestleiar
- Tone Reime Sekretær
- Rune Fjetland Kasserer
- Magnhild Apeland Gonzales Frå styret i Bj.indremisjon
- Jane Karin Sandstøl 1. varamedlem
- Torbjørn Moi 2. varamedlem

Styret har hatt 4 styremøter og handsama ca. 12 saker.

## Drift og vedlikehald

2012 har vore eit år med stor aktivitet på huset. Det kan merkast at huset ikkje er nytt lenger. Likevel har 2012 vore eit år utan dei store ekstrakostnadene til vedlikehald eller reperasjonar. Det er ein stor innsats som har blitt gjort i det ordinære ettersyn og reinhald til ei kvar tid.

Det er betalt vasking i kjellarstova. Ved utleige av andre deler av huset er det også leigd vaskehjelp. Dette fungerer godt. Utleige av huset, og av bord, dukar og stolar er stadig aktuelt. Dette gir gode inntekter som hjelper til å driva huset.

På årsmøtet i fjor blei det opplyst at dei økonomiske framtidsutsiktene såg litt dårlege ut. Det blei gjort i stand brev med oppmoding til lag og foreiningar på bedehuset om å betale friviljug leige. Det blei også klargjort for å sende ut brev med oppmoding til medlemmer om å bidra med gåve eller fast givarteneste. Dette viste seg at ikkje blei nødvendig i heile 2012. Mykje utleige, nokre gåver og basaren laurdag 20. oktober med matsal, sal av diverse husflid, pynt og heimebakst har gjort at det har vore økonomi til å drifte huset.

Det blei i haust kjøpt inn og installert ei varmepumpe (luft til luft) i dei nye kjellarlokala. Me håper den vil kunne gje oss rimeleg varme i mange år.

## Brannsikkerheit og HMS

Bedehuset er pålagt eit omfattande arbeid med utarbeiding av instruksjer, kontrollar og dokumentasjon for å ha ein tilfredsstillande brannsikkerheit. Eit godt arbeid er gjort av Harald Søyland som har vore brannvernleiar. Det er ei stor utfordring å halde bedehuset i forsvarleg stand brannteknisk med opne rømningsvegar, nødllys og skilting. Også i forhold til det offentlege sine brannsyn og stadige nye vurderingar. Sjølv om me prøver å halde fokus på brannsikkerheit skjer det dessverre avvik. Seinast nå på nyttårsafta blei det handla uansvarleg i forhold til brannforskriftene. Huset var fullt av ungdom som stod for mykje lyd, lysopplegg og fyrverkeri, og av den grunn blei brannvarslinga kopla bort for å unngå at alarmen skulle gå. Dette er eit eksempel på uansvarleg bruk av huset.

Helse, miljø og sikkerhet (HMS) er ein del av dette arbeidet og set fokus på at ingen skal verta skada i bygget eller utanfor. Å vera påpasseleg med å strø når det er glatt er kanskje den største utfordringen.

## Utfordringar framover:

- Eventuell varmepumpe oppe
- Gjera om leikeplassen til meir eigna bruk
- Økonomi

## Styret vil takke:

- Alle som vaskar og held reint i huset og i tillegg til vask av dukar.
- Harald Søyland som har vore brannvernleiar.
- Terje Kåre Apeland som programmerar varmen.
- Magnar Edland som har utført ein god jobb med ettersyn og vedlikehald.
- Jostein Røysland som fører rekneskap.
- Bjarte Vassbø som har klypt plen.

- Alle som har delteke på dugnadsarbeid.
- Mathilde Mong og Andrea Apeland Gonzales som har vaskinga i kjellar til vanleg og etter utleige.
- Indremisjonsstyret for godt samarbeid.
- Alle som har bidratt økonomisk.
- Komiteen som la tilrette og jobba med ting til inntekt for bedehuset til basaren som var 20. oktober.
- Ivar Eldor som brøyter snø og leverer juletre.

Versland, 10. jan. 2013, Børge Helland

---

### Framlegg på kandidatar til indremisjonsstyret 2013:

Leiar: Gunvor Aardal (ny 1 år)  
 Styret: Torbjørn Moi (ny 2 år)  
 Liv Valbjørg A. Bakke (ny 2 år)

Valde i fjor for 2 år: Magnhild A. Gonzales Gjermund Vassbø
--

Varamedlemmer: 1. vara: Sander Rønning (ny 1 år)  
 2. vara: Torunn I. Gjedrem (ny 1 år)

### Framlegg på kandidatar til driftstyret 2013:

Leiar: -  
 Styret: Tommy Christensen (ny 2 år)  
 Arnfrid Espeland (ny 2 år)  
 Lars Søyland (ny 2 år)  
 (Dersom ein av desse blir leiar, gjeld valet for 1 år. Dei andre blir valde for 2 år.)

Vald i fjor for 2 år: Rune Fjetland
-------------------------------------

Varamedlemmer: 1. vara: Thyra Bjerkreim (ny 1 år)  
 2. vara: Alf Helge Søyland (ny 1 år)

**Revisor:** Kjell Helland (er spurt, på val 1 år)

**Rekneskap:** Jostein Røysland (er spurt, på val 1 år)

### Framlegg på kandidatar til valnemnd 2013:

Jan Tore Apeland – står frå før (1 år til)  
 Alf Helge Søyland – står frå før (2 år til)  
 Egil Gjedrem – (ny) (for 3 år)

Vara: Lars Olaf Solberg (ny) (for 1 år)

Det har vist seg svært vanskeleg å få nokon til å stilla som leiar til driftstyret. Valkomiteen foreslår derfor at styret konstituerer seg sjølv, alternativt at ein ikkje har leiar.

Helsing valnemnda

---

Lars Olaf Solberg

---

Jan Tore Apeland

---

Alf Helge Søyland